



VESTLANDSHUS ARKITEKTER AS
Lerstadvegen 517
6018 ÅLESUND

Referanser:

Dykkar: dd6bc8bb-6e82-42dc-a185-0e2c27181227

Vår: 22/347 - 23/132

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

05.01.2023

Melding om delegert vedtak - søknad om endring av gitt løyve - gbnr 24/46

Administrativt vedtak. Saknr: 003/2023

Tiltakshavar: Stian Sleire Presttun

Ansvarleg søkjar: Vestlandshus arkitekter AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til tiltak og endring av ansvarsrettar i sak nr. 034/2022 for oppføring av fritidsbustad på gbnr. 24/46.

Med heimel i plan- og bygningslova 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
PRO	L. Hjertnes AS	918329234	S	1	Konstruksjonstryggleik takverk
UTF	SH oppmåling	913864344	S	1	Innmåling og utstikking av tiltak
UTF	Stian Sleire Presttun som sjølvbyggjar			1	Grunnmursystem og anna murarbeid

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Tidlegare ansvarsrettar gjeve i sak nr. 034/2022 for:

UTF , Innmåling og utstikking av tiltaket ved Svein Andvik AS utgår

**UTF Grunnmursystem og annet murarbeid ved Svein Andvik AS utgår.
PRO Konstruksjonssikkerheit trehus ved Vestlandshus arkitekter AS omfattar no ikkje takverk.**

Andre ansvarsrettar som ikkje er omtala i vedtaket er uforandra.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.9	Delt sakshandsaming	1	2.700,-
	Totalt gebyr å betala		2.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Saka gjeld søknad om endring av ansvarsrett for utførelse av innmåling og utstikking av tiltaket samt utførelse av grunnmursystem og anna murarbeid. Det er tidlegare sendt inn endring av ansvarsrett for konstruksjonstryggleik for takverk i saka, utan at den er behandla.

Vurdering

Foretaket som har søkt om ansvarsrett for utstikking og innmåling av tiltaket har sentral ansvarsrett. Det er søkt sjølvbyggjar for grunnmursystem og anna murarbeid. Det er frå søkjar opplyst at membran og

våtromsarbeider ligg under dette ansvarsområdet. Installering av pipe og ildstad ligg under ansvarsområdet til tømmerarbeid, der det tidlegare i saka er gitt ansvarsrett som sjølvbyggjar. Tiltakshavar har fagbrev i tømmerfaget. Grunna endring av leverandør av takstolar er det no L. Hjertnes AS som no har ansvar for prosjektering av desse. Dei har sentral godkjenning.

Konklusjon:

Det vert gjeve løyve til endring av ansvarsrettar jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

VESTLANDSHUS ARKITEKTER AS

Lerstadvegen 517 6018

ÅLESUND